

Fusa kommune
Postboks 24
5649 EIKELANDSOSEN

Vår dato: 26.09.2018
Vår ref.: 201602496-7
Arkiv: 323
Dykkar dato: 17.08.2018
Dykkar ref.: 6/1087/ 27

Sakshandsamar:
Toralf Otnes
22959527/toot@nve.no

NVE sitt svar på konkret førespurnad - Reguleringsplan Nedre Dalland GBnr 78/8 - Fusa kommune

Vi syner til brev datert 17.08.2018. Saka gjeld reguleringsplan Nedre Dalland. Fusa kommune ber oss sjå på om dei vurderingane som er gjort er gode nok til at det er tilrådeleg å godkjenne planen.

I samband med offentleg ettersyn av reguleringsplan Nedre Dalland påpeika vi at ein ikkje utan vidare kan friskmelde eit område med omsyn på fare for kvikkleireskred fordi om NVE sine kartlagde kvikkleiresoner mangla i planområdet. Vi oppmoda kommunen om å sjå på ROS analysen på ny kva gjeld marine avsetningar og potensiale for kvikkleireskred.

NVE er nógde med at Fusa kommune har teke omsyn til vår merknad og sytt for at det er gjort ei konkret vurdering av faren for områdeskred av kvikkleire. Slik vi les vurderinga er hovudkonklusjonen at dekket med marine avsetningar i hovudsak er tynt, og at det er fjell i dagen fleire stader. Attstående vurderingar og krav om masseutskifting vil då handle om grunntilhøve i byggegrova. Vi har ikkje avgjerande merknader til dei vurderingane som er gjort, men understrekar at NVE ikkje kvalitetssikrar konklusjonane.

Med helsing

Brigt Samdal
Regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.